

Nr 17 | Oktober 2025 | Årg. 9



Kundemagasin

Side 4

Veg og VA - hand i hand

Side 6

Åreid vassreinseanlegg: No pumpar hjartet i vassforsyninga



Takk for tilliten

Som ny dagleg leiar i BVA, overtok eg jobben med eit sterkt ønske om å vidareføra den gode innsatsen som tidlegare dagleg leiar har lagt ned for selskapet gjennom mange år. Eg kjem frå stillinga som leiar for tekniske tenester i Stord kommune, der eg har hatt ansvar for drift og prosjekt innan vatn, avløp, veg, grøntanlegg, bygg og eigedom dei siste åra.

Allereie etter kort tid i leiarstolen ser eg at eg har kome til ei veldriven bedrift med mange dyktige medarbeidarar, som alle har fokus på å levere gode tenester til innbyggjarane i Bømlo kommune. Vatn er livsviktig, og vårt mål er å tilby dei beste løysingane for ei berekraftig framtid. Med stadig utvikling av teknologi og metodar, ser me fram til å møte framtidens utfordringar med kompetanse og engasjement.

Den tryggleikspolitiske situasjonen i verda er meir uføreseieleg enn på lenge. Framover skal me derfor ha særleg fokus på å styrka beredskapen mot truslar mot anlegga våre. Det inneber at me må vidareutvikla prosedyrane som vernar systema og anlegga våre mot sabotasje – slik at me alltid er i stand til å levera friskt og godt vatn.

Me må òg starta arbeidet med å vurdere EU sine krav til sekundærreinsing av avløp, og kva konsekvensar dette vil få for Bømlo kommune. Me vil gjera det me kan for å halda kostnadsnivået nede, slik at avgiftene for innbyggjarane ligg på eit akseptabelt nivå.

Som resten av bransjen, må også BVA styrka kompetansen og kapasiteten for å oppfylle stadig strengare krav til vatn og avløp. Då må me sjå på større grad av samarbeid mellom kommunane, og for oss er det naturleg å vurdere eit samarbeid med Stord og Fitjar innan VA-tenestene.

Til slutt vil eg berre takka for den gode mottakinga eg har fått i BVA. Eg gler meg til å dykka endå djupare ned i oppgåvene som ventar, og ser fram til å gjera ein god jobb for innbyggjarane i Bømlo kommune.

Arne Bjelland

Arne Bjelland - dagleg leiar



BØMLO VATN OG AVLØP

Vår visjon er:

Liv, helse og vekst til våre kundar og vår vakre natur.

«FRISKT» | Kundemagasinet utgjeve av Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS
Ansv. red.: Arne Bjelland
Design & tekst: Zpirit AS
Foto: Zpirit/andre
Distribuert til hushaldningar i Bømlo.



Framsidesbilde:

15. september opna fylkesordførar Jon Askeland og Bømlo-ordførar Morten Helland nyevegen til Moster saman med barn frå Moster skule og Breiflabben barnehage. Langs traseen har BVA òg bygt ut nytt vass- og avløpsnett for 15 millionar kroner.



Strengare avløpskrav på trappene:

– Kan få store konsekvensar for små kystkommunar

Det nye avløpsdirektivet frå EU inneber at fleire tettstader må reinsa avløpsvatnet, samtidig som reinsekrava blir strengare.

EUs nye avløpsdirektiv vart vedteke hausten 2024 og tok til å gjelda i medlemslanda frå 1. januar 2025. Som EØS-land er Noreg forplikta til å følgja opp regelverket, men det er enno ikkje fastsett når det faktisk skal setjast i verk her til lands. Korleis vil dette slå ut lokalt? Friskt utfordra tidlegare BVA-leiar Audun Halleraker, som har jobba med tematikken i fleire år.

Tidenes avløpssatsing?

– Dei nye reglane kan få store konsekvensar for mange mindre kommunar, særleg langs kysten. Direktivet vil krevja store investeringar, og bransjeorganisasjonen Norsk Vann meiner både kommunar, leverandørar og teknologiutviklarar står framfor tidenes avløpssatsing, seier Halleraker.

Han synest det førebels er vanskeleg å seia noko bastant om korleis det nye regelverket vil slå ut for Bømlo, men peikar på to endringar som truleg blir vesentlege for det lokale avløpsnett. Den eine er at direktivet

får eit utvida verkeområde, ved at storleiken på kva som vert rekna som tettstad blir redusert frå 10.000 personekvivalentar (pe) til 1000 pe. Enkelt forklart betyr dette at mange fleire norske tettstader må oppfylle krava til reinsing av avløpsvatn.

Må truleg reinsa grundigare

Den andre store endringa er at minstekravet til reinsing blir strengare. På utsleppspunkt der det før berre var krav om primærreinsing, oftast i form av avsetningsanlegg som fjernar partiklar, blir sekundærreinsing det nye minstekravet. Det inneber at endå meir organisk stoff må fjernast frå avløpsvatnet gjennom biologiske og kjemiske prosessar.

I Bømlo er det i dag rundt 20 offentlege utsleppspunkt for avløpsvatn. Nokre er avløp frå meir enn 1000 personekvivalentar, andre har mindre omfang. Det største utsleppet er på Nesse. Her går det ut avløpsvatn frå om lag 3500 pe. Med dagens regelverk, er det berre krav om primærreinsing før dette vatnet går i havet.


– Per i dag ser det alt så ut til at me i framtida vil måtte bygga fleire reinseanlegg i Bømlo, og at anlegga våre – inkludert det på Nesse – må oppfylle krava til sekundær-

reinsing. Samtidig kan det finnast handlingsrom som gjer at konsekvensane ikkje blir fullt så store, påpeikar Halleraker.

Vil justera tettstad-definisjonen

Han viser til ein rapport Menon Economics har utarbeidd for KS. Ifølgje rapporten har Noreg i dag ein strengare definisjon av kva som tel som tettstad enn EU. Det gjer at fleire små norske lokalsamfunn kan bli ramma av dei nye krava enn det EU eigentleg legg opp til. KS og bransjeorganisasjonen Norsk Vann peikar difor på at norske styresmakter bør bruka handlingsrommet i EØS-avtalen til å tilpassa regelverket betre til norske forhold. Dei rår til å leggja seg på same tettstad-definisjon som EU og først setja inn ressursane der ein får størst miljøgevinst for pengane. Slik kan kommunane unngå unødvendige kostnader, samtidig som ein tar vare på miljøet på ein meir berekraftig måte.

– Me må førebu oss på at krava kjem til å bli strengare, men samstundes handlar det om å smørja seg med tolmod. Først når me vit korleis direktivet faktisk blir gjort gjeldande i Noreg, kan me seia sikkert kva det vil bety for Bømlo, seier Halleraker.



Fylket er godt i gang med den nye traseen for fylkesveg 541 mellom Ekornsæter og Oldereidtjørna. Her kjem det òg ny hovudvassleidning i BVA-regi, noko som aukar kapasiteten i vassforsyninga nord i kommunen. (Foto: Jakob Andreas Stensland, Vestland fylkeskommune)

Ny hovudleidning gir betre vassforsyning i nord

I samband med oppgraderinga av fylkesveg 541 mellom Våge og Ekornsæter, sørger BVA samtidig for betre og sikrare vassforsyning for dei mange og store forbrukarane nord i kommunen.

Som ein del av utvidinga av reinseanlegget i Åreiddalen, har BVA lagt ny hovudvassleidning nordvestover mot fylkesveg 541. Og når fylket no er i gang med å oppgradera fylkesvegen på strekninga Våge-Ekornsæter, er BVA på pletten og legg ny hovudleidning også langs den nye vegtraseen mellom Oldereidtjørna og Ekornsæter.

Betre kapasitet og beredskap

– Me skal bygga totalt to kilometer med nytt 315 millimeter røyr, den største dimensjonen me har i vassnettet vårt, og cirka ein kilometer med 180 millimeters røyr som renovering av eksisterande vassleidningar langs FV 541. I alt investerer

me rundt 20 millionar kroner, fortel prosjektleiar Jarle Andreassen.

Han forklarar at BVA har mange og store vassforbrukarar i Bremnes-området og andre stader nord i kommunen. Desse blir i dag hovudsakleg forsynt med vatn frå reinseanlegget ved Hollundsvatnet. I tillegg får dei litt frå Åreiddalen gjennom eit røyr med låg kapasitet.

Ny hovudleidning mellom Åreiddalen og Ekornsæter gir oss mykje større kapasitet i vassforsyninga nord i kommunen. I tillegg styrker me beredskapen vår dersom noko skulle skje med vassstilførsla frå Hollundsvatnet, forklarar Andreassen.

Oppstart i haust

I tillegg til nye hovudleidning, inkluderer prosjektet også utbetring og omlegging av vassleidningar som kjem i konflikt med den nye fylkesvegen langs heile strekningen frå Våge til Ekornsæter.

– Entreprenøren vår er i full gang med prosjekteringa, og me forventar oppstart på det fysiske arbeidet i løpet av september, seier Andreassen.

Å bygga ut vatn og avløp parallelt med vegutbyggingar gir god samfunnsgevinst. Kommunestyret i Bømlo har bestemt at BVA skal følgja dei ulike vegprosjekta i

Bømlopakken. Fylket kan i tillegg pålegga selskapet å gjera noko med leidningsnettet dersom det ligg røyr i ein fylkesveg som skal oppgraderast eller reparerast.

– Ved å samordna veg- og VA-arbeid, kan partane dela på utgiftene til grøfter. Dermed

sparer me samfunnet for kostnader. I tillegg er det ugunstig og fordyrande dersom me utset nødvendig VA-arbeid i fem eller ti år, for så å måtta kryssa eller gjera inngrep i ein relativt ny veg, poengterer Andreassen.

«Me legg no til rette for framtidig vekst.»

Jarle Andreassen
Prosjektleiar i BVA

Prosjektleiar Jarle ANDreassen (t.v) og kontrollør Trond Åsmund Sandnes framfor den nye kloakkpumpestasjonen BVA har bygd på Moster.



Ordførar Morten Helland talte då fylket opna nyevegen til Moster – ein strekning BVA òg har oppgradert med flunkande nytt VA-anlegg.

VA-løft for mostringane

I samband med bygginga av ny Fv. 542 på strekninga frå Skimmelandsdalen til Mosterhamn, har BVA i same rennet bygt om lag 1,1 kilometer med nye hovudleidningar for både vatn og avløp – i tillegg til ein ny kloakkpumpestasjon. Anlegget blei sett i drift i sommar.

Delar av strekninga har ikkje hatt offentleg avløp fram til no, og hovudvassleidninga stamma frå 1970-talet – den gong det private Moster Vassverk leverte vatnet i bygda.

– Ved å skifta ut hovudvassrøyra, tryggar me vassforsyninga i Mosterhamn ytterlegare. I tillegg får mange som i dag har gamle septiktankar med dårlege reinseleisningar no høve til å kopla seg på det offentlege kloakknett, noko me sjølsagt oppfordrar folk til å gjera. Alt avløp langs den nye vegstrekka vil bli pumpa til BVA sitt reinseanlegg i Notlandsvågen, forklarar Jarle Andreassen.

Heile prosjektet har hatt ei kostnadsramme på 15 millionar kroner.

Billigare frå 1. juli

1. juli gjekk meirverdiavgifta (mva) på vatn og avløp ned frå 25 til 15 prosent. For deg som abonnent betyr det lågare gebyr.

I statsbudsjettet for 2025 vart det vedteke å redusera mva-satsen på vatn og avløp. Bakgrunnen var at regjeringa ønskjer å letta på levekostnadene for hushalda, etter fleire år med prisvekst og høgare renter.

For deg som kunde betyr det at gebyra for vatn, avløp og leige av vassmålar blir redusert. Den nye, lågare satsen kunne du sjå på fakturaen me sendte ut 1. august, som gjaldt for juli månad. Har du vassmålar, vil forbruket for 2025 bli fordelt på to satsar – 25 % før 1. juli og 15 % etter.

Dette vert gjort opp i vassmålaroppgjeret i januar 2026.

Vann-vittig :-)

- Det har vore mykje vitsar om vatn i dette magasinet. Har du funne ein om kloakk?
- Nei, alle dei gode stinka.





Åreid vassreinseanlegg ferdigstilt: Historisk milepåle for BVA

BVA har no fullført sitt største utbyggingsprosjekt. Det nye reinseanlegget i Åreiddalen står klart, testkøringa er i gang, og snart får bømlingane endå meir friskt vatn i kranane.

– Utbygginga har vore både spennande og utfordrande, men samla sett har prosjektet gått på skjener, smiler prosjekt- og driftsleiar Odd Petter Habbestad i BVA.

Etter ein hektisk sluttspurt fram mot sommaren, er det utvida og oppgraderte reinseanlegget ferdigstilt. I tillegg er to store høgdebasseng, nytt vassinntak i Finnåsvatnet, og alt av rør i og ut av Åreiddalen komne på plass. Heile prosjektet har ei kostnadsramme på rundt 153 millionar 2023-kroner, og er tidlegare omtalt som det nye hjartet i vassforsyninga i Bømlø.

Større kapasitet og redundans

– Me får no eit vassproduksjonsanlegg i toppklasse, med langt betre kapasitet, tryggleik og redundans enn det gamle, seier Habbestad. Det inneber mellom anna at BVA framleis kan produsere mykje vatn sjølv om halve anlegget er ute av drift. Høgdebassenga gjer vidare at selskapet kan produsere og lagre vatn jamt og trutt gjennom veka.

– Dermed kan me regulere svingingar i forbruket med uttak derfrå, og me har ein god reserve å tappa av dersom uventa hendingar skulle oppstå, seier Habbestad. Han trekker fram store endringar i kvaliteten på råvatnet dei siste 25 åra som ei anna viktig årsak til utbygginga. Sidan 2000 har nemleg gjennomsnittleg fargetal i råvatnet dobla seg, mellom anna som følgje av meir intens nedbør og attgroing. Det gjer at BVA i dag treng større filterflate for å reinse same mengde vatn som i 2000.

Driftsoperatørane Roger Sæverud og Rengin Zeibar har vore med på å halda vassproduksjonen i gang gjennom heile byggeperioden.

Full drift i byggeperioden

Den største utfordringa i byggeperioden har vore å drifta gamleanlegget samstundes som nybygg og rehabilitering gjekk føre seg.

– Eg er stolt av at me i løpet av to og eit halvt år berre har stoppa vassproduksjonen i ti timar, der alt har vore planlagt i samband med omleggingar inne i stasjonen, seier Habbestad.

Godt samarbeid

På plussida trekkjer prosjektleiaren òg fram samarbeidet med alle involverte firma, leverandørar og konsulentar. På det meste har opp mot 50 personar frå mange ulike fag vore i sving samtidig.

– Dette har vore eit prosjekt utan konflikhtar. Me har heller ikkje hatt fråværskader. Alle har gjort ein kjempejobb og hatt fokus på HMS, rosar prosjektleiaren.

Han sender same rosen til eigne folk i BVA, som har stått på gjennom ei svært travel

Utbygginga i korte trekk:

- Kostnadsramme: Ca. 153 millionar 2023-kroner.
- Byggeperiode: 2023 – 2025
- Reinseanlegget: Utvida frå seks til 12 filter, to UV-anlegg, nytt maskin- og pumperom, lager for marmor og jernklorid, CO₂-anlegg, laboratorium, driftskontor og visingsrom.
- Høgdebasseng: To basseng á 1.500 m³ (til saman 3 millionar liter)
- Vassleidningar: Ca. 9,7 km leidningar i Åreiddalen og nordover mot Ekornsæter + 18 km planlagde sjøleidningar mot sør
- Nytt vassinntak i Finnåsvatnet
- Bru for røyr over Åreidelva
- 850 meter ny veg til høgdebasseng
- Rehabilitering av 1800 meter kommunal veg

tid. Då tenkjer han både på pensjonisten Jan Ottar Hope, som kom tilbake på jobb og bidrog med verdifull kunnskap og erfaring, og det ordinære driftspersonellet som har halde vassproduksjonen i gang under krevjande forhold.

I testfase til utpå vinteren

BVA er no i gang med testkøyring av den nye halvdelan av reinseanlegget.

Utrøvinga vil halda fram til den nye hovudvassleidningen som følgjer fylkesveg 541 til Ekornsæter står klar. Først då kan heile anlegget setjast i full drift. I første omgang er det abonnentar nord i kommunen som får meir «Åreid-vatn» i kranane.

Innbyargarane i sør må venta til nye sjøleidningar mot Moster og Langevåg er bygde ut – eit eige prosjekt med ein prislapp på rundt 50 millionar kroner.

– Elvemuslingane har det bra

Å passa godt på miljøet i Åreidelva har vore essensielt for BVA i heile storprosjektet, og det er gjort fleire grep for å sikra elva.

Eitt av dei var å flytta to tredelar av ein bestand med utryddingstrua elvemuslingar til ny heim oppstrøms reinseanlegget. Vidare er alle røyr lagt i bru over elva, for å unngå forureinande graving i vassdraget.

– Ifølgje biologane som har vore på jamlege tilsyn, har muslingane det bra på sin nye lokasjon, rapporterer prosjektleiar Habbestad. Han veit førebels ikkje om bestanden no skal flyttast tilbake til opphavleg plassering. Dette er opp til fylket og biologane å avgjera.

BVA har overvaka miljøet i elva gjennom



heile utbygginga. Omfattande prøvar av vatnet er tatt kvar månad, heile vegen med gode resultat. I tillegg er turbiditeten i elva, altså kor klart vatnet er, målt kontinuerleg. Dersom målingane hadde overstige ein gitt verdi, ville det utløyst alarm hos oss og byggearbeidet måtte ha stansa.

– Det har me heldigvis unngått. Miljøet i elva har vore bra, konstaterer Habbestad.



Alt klart for «sjøarmar» mot sør

BVA er allereie i hamn med dei nødvendige førebuingane til sjøleidningane som skal forsyna søre delar av kommunen med «Åreid-vatn». Leidning frå Åreiddalen er lagt 300 meter ut i sjøen, der han no ligg klar for påkopling.

– Røyrtraseane mot Moster og Langevåg er allereie kartlagde og byggemelde, så når det blir gjort investeringsvedtak er me klare for å gå i gang med bygginga, seier Odd Petter Habbestad.



Brannsjef Ove Halleraker er glad for infrastrukturen og servicen til BVA.



BVA si utbygginga av stadig nye røyr og brannkummar rundt i kommunen gir brannvesenet kortare veg til sløkkevatn. (Foto: Per Harald Gjerde, Bømlo-nytt)

Vatn frå BVA:

– Viktigaste verktøyet til brannvesenet

Bak ein sløkt brann ligg det eit godt samspel mellom brannmannskapa og BVA sitt nett av røyr, pumper og folk på vakt.

Leverer til Åreiddalen

Midt i juli hadde Bømlo brann og redning passert 100 utrykningar, berre i 2025. På lista over innsatsar har dei mellom anna den store skogbrannen i Siggjarvåg i mai, og brannen hos kompetanse- og opplæringsbedrifta Viergo i juni. I Siggjarvåg måtte 11 bustader og 13 personar evakuerast, og store areal blei svidd av. Hos Viergo gjekk snikkarverkstaden og vaskeriet tapt.

Kortare veg til vatn

I begge desse hendingane, og dei aller fleste andre brannutrykningar, er infrastrukturen til BVA heilt sentral i brannvesenet sitt arbeid.

– Utan rikeleg tilgang på vatn blir det vanskeleg å sløkka brann. Derfor er me heilt avhengige av vassnettet BVA har bygd ut,

fortel brannsjef Ove Halleraker. Han legg til i Siggjarvåg-brannen fekk brannvesenet også fekk uvurderleg hjelp frå bønder med gyllevogner, helikopter og Sivilforsvaret.

Brannsjefen synest BVA gjer ein kjempejobb med utviklinga av vassnettet – til dømes gjennom nye røyr og brannkummar knytt opp mot vegutbyggingane i Bømlapakken.

– Anlegga utgjer ein enorm forskjell for beredskapen og innsatsen vår, ved at me får kortare veg til vatn i stadig større delar av kommunen. Me må leggja ut fire brannslangar per 100 meter, så dersom det er 1000 meter til næraste brannkum snakkar me alvorleg mange slangar. I tillegg til det fysiske arbeidet og all tida som går med, taper også vassstrykket seg over slike distansar, forklarar Halleraker.

Lett å finna fram

Han framhevar òg den aktive rolla BVA spelar i brannsløkkinga. Vass- og avløpsselskapet blir nemleg automatisk varsla når 110-sentralen får melding om brann, og kan då styra vassnettet aktivt slik at nok vatn blir sendt fram til brannstaden.

Sjølv har brannmannskapa med seg 3000 liter vatn i brannbilen og 9000 liter i eigen tankbil. Dermed kan dei få «vann på brann» straks dei kjem fram – samtidig som dei koplar seg på vassnettet. For å finna koplingspunkt, er detaljerte kart frå BVA eit viktig verktøy. Karta viser nøyaktige posisjonar for brannkummar i området, og kor mykje vatn brannmannskapa kan forventa å få ut.

– Med desse karta veit me kor me kan henta vatn allereie på veg ut til brannstaden, noko som sparar mykje tid. Ikkje minst er denne informasjonen viktige vinterstid, når kummane ute i terrenget er dekte med snø,



Trass massiv og iherdig innsats frå Bømlø brann og redning gjekk snikkarverkstaden og vaskeriet til Viergo tapt i brannen i juni. (Foto: Margrete Slettebø, Bømlø-nytt)

framhevar Halleraker.

Tett og godt samarbeid

Han er vidare takksam for at BVA ved behov kan stilla med viktige ressursar i form av mannskap, ekstra slangar, utstyr og kunnskap. Deltidsbrannvernet har dessutan BVA-tilsette i eigne rekker.

– Me har eit veldig godt samarbeid med dei dyktige og serviceinnstilte folkane i vass-

og avløpsselskapet vårt. Saman har me jamlege møte, der me mellom anna kjem med brannfaglege innspel til BVA sine utbyggingar.

– Kor viktig det er med godt og nok vatn, er noko mange av oss ikkje tenker så mykje over i kvardagen. Men dei aller fleste blir iallfall veldig glade når me pøsar på for å sløkka ein brann hos dei, konstaterer brannsjefen.

Bømlø brann og redning

- Bidrar ved brann, ulykker, helsealarmer og forureining
- Utfører feiing og branntilsyn
- Operer fire brannstasjonar, Bremnes, Moster, Langevåg og Espevær



- Har 46 tilsette – seks av desse på heiltid
- Hadde 230 utrykkingar i 2024



Frå driftssentralen til BVA kan Ove André Vedøy og dei andre driftsoperatørane i i vaktlaget senda ekstra vatn dit brannvesenet treng det.

Dirigerer frå driftssentralen

– Når BVA blir varsla om brann, har me folk på vakt som straks bemannar driftssentralen vår i Hollundsdalen. Herifrå kan me styra vassnettlet aktivt. Gjennom 150 trykk- og mengdemålarar og 18 pumpestasjonar, kan me redusere vassstilførsel til somme område og auka flyten til andre. Slik slusar me meir vatn fram til stader der brannvesenet treng det, forklarar Odd Petter Habbestad, drifts- og prosjektleiar i BVA.

Han presiserer at BVA samtidig passar på at det ekstra vassuttaket ikkje skaper store vanskar hos andre forbrukarar, dømes bedrifter som er avhengige av ein viss vassstilførsel. Brannvesenet får det dei treng, men ikkje meir.

Automatiseringa og det moderne styringssystemet i røyrnettlet gjer i dag «vassdirigeringa» langt enklare enn før.

– Tidlegare måtte mannskapa våre ut i kummane og opna og stenga ventilar manuelt. No kan me gjera dette frå PC-en. Det sparar mykje tid, noko som er spesielt viktig i samband med brann, utdjuar Habbestad.



Anleggsavdelinga til VVS Bømlo har nok å henga fingrane i, med fullt belegg over heile Bømlo, Stord og i Sveio (bildet).

VVS Bømlo:

Langt meir enn berre røyr

Det starta som ei tradisjonelt røyrleggarfirma, men har gjennom snart 32 år vakse og utvikla seg til ei verksemd som leverer på mange ulike fagområde.

Varmer, energi og sanitærløysingar for privatkunder, næringsliv og det offentlege. Spesialiserte røyrinstallasjonar for oppdrettsnæringa, industri, skip og fiskefartøy og kommunar. Ei mekanisk avdeling som leverer pumper, generatorløysingar, kompressorar og nitrogengeneratorar – gjerne i mobile containerløysingar. Ei anleggsavdeling som utfører små og store jobbar for kundar med behov for grunnarbeid, teknisk infrastruktur og betongarbeid. Service og vedlikehaldsoppdrag for industrien og private.

Slik kan ein grovt dela inn den varierte aktiviteten som i dag sysselset dei 23 fast tilsette i VVS Bømlo i Hollundsdalen. Firmaet har Sunnhordland som kjernemarknad, men har og kontraktar i Bergen, Øygarden og Stavanger.

Storjobb i Åreiddalen

Kvart forretningsområde rommar i seg sjølv mykje spennande aktivitet. VVS-avdelinga

gjer til dømes alt frå service, oppdrag i små og store byggeprosjekt, til å realisera draumebad i private heimar. Røyravdelinga for tekniske installasjonar leverer design, prefabrikasjon og installasjon av røyrlegg til store bygge og prosessanlegg, innan industri, skip, havbruk, kommunalteknikk, sjørarbeid, brannsløkkingsanlegg, energianlegg med meir. VVS Bømlo har mellom anna levert heile det komplekse røyrsystemet til det nye reinseanlegget i Åreiddalen – ein jobb dei var ferdige med i sommar.

– For oss har dette vore ein stor og viktig jobb, og det er sjølv sagt kjekt å bidra til trygt og godt drikkevatt i heimkommunen vår, seier Terje Sørensen, gründer og dagleg leiar.

I verkstaden i Hollundsdalen utførte firmaet prefabrikasjon og sveising av syrefaste stålrøyr til reinseanlegget i over eitt år, parallelt med montasjearbeid i Åreiddalen.

– For tida leverer me oppgradering av brannslukkingssystema ved lakseslakteriet til Eide Brandasund, med blant anna modernisering av vassforsyninga frå det kommunale høgdebassenget i Kvernes, fortel Sørensen.

Vedlikehaldsoppdrag på pumper utfører verksemda for mellom anna for vass-,



avløps- og renovasjonsselskapet ØyVAR i Øygarden, i tillegg til Bømlafjordtunnelen og mange tunnelar i Bergen.

– No ser det ut til at det blir slike oppdrag også for Hydro Husnes, noko som er nytt for oss, smiler Sørensen.

Også anleggsavdelinga har nok å henga fingrane i, med fullt belegg over heile Bømlo, på Stord og i Sveio. I oktober startar folk og maskinar grunnarbeidet til ei nytt bustadfelt på Hollund i regi av Bømlo Hus.

- Framoverlente

– At me er fleirfaglege gir god fleksibilitet, både med tanke på leveringstid og ikkje minst å kunna etterkoma kundane sine behov, påpeikar den daglege leiaren.

Både han og sonen John Morten Sørensen, som leiar anleggsavdelinga, trekker fram



- Kjekt a bidra til trygt og godt drikkevatt i heimkommunen vår, seier Terje Sørensen, gründer og dagleg leiar i VVS Bømlo - her i det nye vassreinseanlegget i Åreiddalen som verksemda har levert heile det komplekse rørsystemet til. (Foto: Magne Raknes)

fleksibilitet og allsidigheit som to av hovudstyrkane til VVS Bømlo.

- Me prøver å vere framoverlente, kreative og løysingsorienterte og har brukt mykje ressursar på utvikling og innovasjon.

Satsa i pandemien

Då verda stengte ned på grunn av koronapandemien, valde VVS Bømlo å satsa. Den nye mekaniske avdelinga såg dagens lys, leia av Anders Nygård. Samtidig blei anleggsverksemda John Morten starta i 2017 innlemma i selskapet. Sidan har det gått slag i slag.

- Målet vårt framover er å utvikla oss vidare i dei spora me har lagt, og ta i bruk ny teknologi slik at me kan vera ein konkurransedyktig leverandør, seier Terje Sørensen.



Gav stafett-pinnen vidare

Tidlegare BVA-leiar Audun Halleraker (t.v) meiner selskapet har funne ein god erstattar i Arne Bjelland.

I juni overlét Audun Halleraker sjefsstolen til Arne Bjelland etter 14 år som dagleg leiar i BVA. Ikkje fordi han absolutt ville, men fordi han såg seg nøydd til det.

«Det eg er mest stolt av er totalen - det me alle har greidd å bygga opp gjennom dei 14 siste åra..»

Audun Halleraker
Tidl. BVA-leiar

- Før påske i fjor blei eg brått sjuk. Med komplikasjonar etter operasjon, og etter råd frå legane, såg eg at det beste for BVA som heilskap var at eg overlét sjefsstolen til andre. Det var ikkje slik eg hadde tenkt å gi meg, men det er sunt for selskapet å få inn nye tankar og idear, seier Halleraker, som no held fram som teknisk planleggar.

Han er særleg stolt av det BVA har bygd opp som lag: Eit selskap med sterk kompetanse, gode løysingar og solid rykte i bransjen. - Det er totalen som tel. Me har fått til mykje saman, seier han.

Arne Bjelland tar over etter 12 år som einingsleiar for tekniske tenester i Stord kommune, og har tidlegare òg leia Bømlo Kommunale Eigedomsselskap. Han og

Halleraker er samde om kva som blir viktig for BVA i åra framover: Å halda fram den positive utviklinga og å utføra pålagde oppgåver samtidig som gebyra blir haldne nede.

- I ei utvikling som set stadig strengare krav til drifta, beredskapen og kompetansen vår, ser heile bransjen behov

for å bygga større og meir robuste fagmiljø. Tettare samarbeid med kommunar og VA-selskap rundt oss er derfor noko me òg vil jobba med i åra som kjem, varslar Bjelland.



Bømlo Vatn og Avløpselskap AS

Org. nr. 985 228 825


Pb 214, 5445 Bremnes

Besøk: Hollundsdaalen 21

Tlf: 53 42 88 40

Vakt: 53 42 88 45

Retur:
Bømlø Vatn og Avløpsselskap AS
Pb 214
5445 Bremnes



ZPIRIT



friskt

Dei nye høgdebassenga på
Åreid. Til saman rommar dei
tre millionar liter reint og
godt drikkevatt.